



I ettermiddag var tiden inne for årets aksjon til beste for dei 70.000 nordmenn som er ramma av demens.

22 innsamlarar frå vårt lokale og driftige helselag tråla bygda i 2 timar i finveret og resultatet vart omtrent som i fjor - rundt rekna 18.000 kroner.

Rekorden for denne aksjonen i Uskedalen er 20.272 kroner.

Leiar Selma Eik er også i år godt fornøgd med resultatet, som bidrar til å fremja forskning på demens.

Det er naudsynt med meir forskning for å forstå sjukdommen betre og for å gjera livet lettare for dei som blir ramma.

På biletet over står innsamlarane klare til innsats - med Gamleskulen som base.

(Foto: Ola Matti Mathisen)